

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017
021/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	11.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/140	17/4147

Årsmelding og rekneskap 2016

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2016 til godkjenning. Rekneskapen er revidert, og revisjonsmeldinga er teken inn i rekneskapsdokumentet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2016 og rekneskap 2016 vert godkjent slik dei ligg føre

Formannskapet i Radøy - 032/2017

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om årsmelding og rekneskap 2016. Resultatet er om lag 10 millionar kroner betre enn budsjett, og korrigert netto driftsresultat for 2016 er 13,1 mill. kroner - tilsvarande 3,24 prosent av sum driftsinntekter. Dette er det beste resultatet Radøy kommune har hatt, i alle fall i "nyare" tid. Økonomisjefen peika på at god budsjett disiplin og tett oppfølging av økonomien har medverka til det gode resultatet.

Den ordinære drifta av tenestene i kommunen kosta om lag 2,4 mill. mindre enn budsjettet, og det er først og fremst helse og omsorg som har medvirka til dette. Skatteinngangen både lokalt og på landsplan vart høgare enn budsjettet, og for Radøy gav dette ei meirinntekt på 4,3 mill. i høve til budsjett. Radøy fekk også om lag 2,4 mill. meir i integreringstilskot i forhold til budsjettet. Det vart busett fleire flyktningar, medrekna familiegjeforening, og mange av desse kom seint i året, men gav likevel fullt tilskot for 2016.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) stilte spørsmål knytt til mindreforbruk og sjukefråver i barnehagane.

Rådmann Jarle Landås peika på det også i år er viktig å halda drifta på eit nøkternt nivå.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Årsmelding 2016 og rekneskap 2016 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 021/2017

KS - handsaming:

Revisor Reidar Bjørsvik sa at rekneskapen 2016 er godt avstemt og dokumentert, og at revisjonsmeldinga er utan merknader.

Rådmann Jarle Landås oppsummerte årsmelding og rekneskap med at kommunen har ei stødig og nøktern drift, som gir forsvarlege tenester og god økonomi i samsvar med politiske føringar.

Økonomisjef Sveinung Kvamme gav ein oversiktleg presentasjon av rekneskapen.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Årsmelding 2016 og rekneskap 2016 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Rekneskapsdokument_2016_endeleg

Årsmelding 2016 endeleg

Særutskrift - uttale til årsrekneskapen + revisjonsrapport nr 14 og revisjonsmelding